

Saksbehandlar: Svein Carlos Nilsen Gjil

Kommunedirektør: Yngve Folven Bergesen

Dato: 04.05.2022

Arkivsak-ID.: 20/2069

JournalpostID: 22/9621

Saksnr.	Utval	Møtedato
012/22	Ungdomsråd	19.05.2022
006/22	Integreringsrådet	24.05.2022
013/22	Rådet for eldre og for personar med funksjonsnedsetting	24.05.2022
	Utval for oppvekst og omsorg	
	Utval for drift, utvikling og kultur	
	Formannskapet	
	Kommunestyret	

## Barnehage- og Skulebruksplan

### Saksutgreiing

#### Samandrag

Kommunedirektøren legg med dette fram sak om barnehage- og skulebruksplan for politisk handsaming. Med dette vert ei sak som starta med vedtak i budsjett for 2019 og økonomiplan 2019-2022 avslutta. Gjennom saka er det blitt utarbeidd ein rapport frå Norconsult og eit planframlegg frå kommunedirektøren, og begge desse dokumenta har vore på høyring. Vidare har det vore gjennomført folkemøte i dei ni bygdene i kommunen.

Kommunedirektøren foreslår i denne saka å:

- leggi ned skulane på Bjoa og Imsland
- leggi barnehagane i Bjoa og Imsland som avdelingar under høvesvis Vågen og Sandeid barnehage/oppvekstsenter
- samordne drifta av privat og kommunal barnehage i Vats
- organisere skulen og barnehagen i Sandeid, Vågen og eventuelt Vats som tre oppvekstsenter/einingar med felles leiing på kvar lokasjon.

Endringane er foreslått sett i verk frå barnehage-/skuleåret 2023/2024, med unntak av organisering av oppvekstsenter i Vats som skjer i samband med eventuell samlokalisering av barnehage og skule.

### Bakgrunn for saka

I sak KS 083/18 Budsjett 2019 og økonomiplan 2019-2022 bad kommunestyret kommunedirektøren om å «*utarbeida barnehage- og skulebruksplan for å sikra kvalitet i dette tenesteområdet for framtida*» i løpet av 2020. Etter ein anbodsprosess fekk Norconsult i oppdrag å

utarbeide ein rapport som skulle danne grunnlag for dette arbeidet, og Norconsult leverte denne rapporten til kommunen i august 2020. Kommunestyret ønskete å gjennomføre folkemøter og høyring på rapporten frå Norconsult. Det vart gjennomført høyring, men på grunn av utbrotet av Covid-19, vart det ikkje mogeleg å få gjennomført folkemøte. I sak KS 009/21 vedtok difor kommunestyret følgjande oppdaterte tidsplan for arbeidet med barnehage- og skulebruksplan:

*Kommunedirektøren legg fram forslag til barnehage- og skulebruksplan i januar 2022. Det vert folkemøte i februar-mars og høyring på kommunedirektøren sitt framlegg. Saka skal opp til politisk handsaming i mai 2022.*

Kommunedirektøren la eit planframlegg på høyring fredag 28. januar 2022, og gjennomførte i løpet av mars 2022 folkemøte i alle dei ni bygdene i kommunen. Frist for høyringsinnspel var 18. april 2022, og det kom inn totalt 409 høyringssvar.

## Saks- og faktaopplysningar

### Oppsummeringa av høyringsinnspela

Planutkastet blei publisert 28.januar 2022. Samstundes opna høyringsportalen der alle som ønskja det kunne skrive inn høyringsuttale. Høyringsfristen var 18.april. Totalt kom det inn 409 høyringsinnspel på planutkastet. I tillegg blei det registrert eit par blanke, ein mangla vedlegg og ein som kom dobbelt. Av dei som har sendt inn er det fleire utflyttarar, samt familiar der både barn (heilt ned til 1,5 år med eige innspel) og foreldre har sendt inn. Administrasjonen har lest gjennom og sortert alle innspela etter om dei ønskjer endring eller ikkje og kva alternativ dei ønskjer.

96,5 % vil ikkje ha endring, medan 2,2 % vil at det skal skje noko. 1,2 % seier både ja og nei. Fordelt på bygdene i kommunen ser svarprosenten slik ut:

- Vikebygd = 20,8 %
- Sandeid = 23,7 %
- Imsland = 12,5 %
- Bjoa= 7,3 %
- Vikedal = 0,7 %
- Ølen = 1,2 %
- Vats = 12,95 %
- Vågen = 6,3 %
- Skjold = 3,1 %
- Generell = 8,8 % (her kjem det ikkje fram kva bygd avsendar er frå)
- Fleire bygder i same høyring = 2,65 %

Mesteparten av dei som ikkje vil ha endring meiner at det er viktig å ha barnehage og skule i bygda for å kalla den levande. Andre peikar på skyssen som ei stor utfordring samt at det kan gå utover det psykososiale miljøet. Det er også fleire som meiner at det går utover næringslivet i bygda dersom barnehagen og skulen vert lagt ned. Dei fleste som har sendt høyringsuttale er i mot ein felles ungdomsskule i Ølen. Nokre av innsendarane har ei mening om at det kanskje kunne vere bra med ein felles ungdomsskule, berre ikkje i Ølen. Skjold og Nedre Vats er nemnd som gode alternative plasseringar av denne.

Vidare er svara også kategorisert under følgjande kategoriar: Levande bygder, skyss, psykososialt miljø, næringsliv, BTI, ressurs og elevmedverknad.

### Levande bygder

Norsk senter for bygdeforsking har gått gjennom litteratur om forsking og evaluering om

skulesentralisering og strukturendring, og fann at det er vanskeleg å måla effektane av skulenedlegging. Vindafjord kommune har ikkje statistikk på kva årsaka er til at folk flyttar frå eller til kommunen, eller mellom krinsane. Nærleik til skule kan vere eit element som spelar inn ved val av bustad, men forsking syner at det berre er eit av svært mange element. Frivillige lag og organisasjonar sin bruk av skulen om skulen blir lagt ned, treng ikkje endra seg. Om Vindafjord kommune held fram med å eiga skulebygga, eller har eit bygdehus, så vil dei framleis vera disponibele for lokalsamfunnet og utgjere ein fellesarena for innbyggjarane i krinsane.

Sjå meir under punktet «Samfunnsutvikling/Bygdeutvikling»

### **Psykososialt miljø**

Alle har rett til eit trygt og godt psykososialt miljø. Mobbing er blant dei mest alvorlege og øydeleggande handlingane som menneske, både born, ungdom og vaksne, kan bli utsatt for. Den mest vanlege vitskapelige definisjonen av mobbing er gjeven av nestoren innanfor norsk mobbeforskning, professor Dan Olweus ved Universitetet i Bergen:

*«Mobbing kan kort defineres som gjentatt negativ eller ondsinnet atferd fra en eller flere personer, rettet mot en person som har vanskelig for å forsvere seg» (fhi.no). Mobbing er altså noko anna og meir alvorleg enn det vi tradisjonelt omtalar som «erting» eller «egling».*

Sentrale element er at det går føre seg over tid og at partane har ulik makt. Mobbarane eller mobbaren er sterkare enn offeret. I samband med debattar om skulestruktur blir det ofte hevdat at det er meir mobbing ved store skular enn ved små skular. Det er ikkje vitskapleg dekning for dette. Professorane Dan Olweus (UiB) og Erling Roland (UiS) er svært samstemte om at det ikkje kan påvisast nokon samanheng mellom skulestørleik og førekomenst av mobbing. Dette er mellom anna gjort greie for i ein artikkel i tidsskriftet Fredrikke (Høgskolen i Nesna, nr. 1, 2005):

*«De undersøkelsene som Roland og Olweus har gjennomført viser at skolestørrelse eller klassestørrelse trolig ikke har noen betydning for omfanget av mobbing blant elevene i grunnskolen. De funn Roland har gjort tyder også på at det heller ikke spiller noen rolle om skolen ligger i byen eller på landet. Imidlertid er det tegn som tyder på at skoleledelse og det interne samspillet mellom de ansatte i skolen kan ha stor betydning. Dette henger trolig sammen med hvilke muligheter den enkelte skole har til å kunne arbeide systematisk og konsekvent for å etablere gode læringsarenaer og utviklingsmuligheter for den enkelte eleven i et trygt og godt samspill med både andre barn og voksne. Sentralt her står den autoritative læreren (\*) som er helt bevisst sin rolle som klasseleder og utøver omsorg og kontroll. Dette vil etter min mening være avgjørende for å skape tillit overfor både elevene og foreldrene.»*

(\* Ein autoritativ lærar er noko heilt anna enn ein autoritær lærar. Den autoritative læraren er ein lærar som klarer å kombinera varme og omsorg for elevane med å ha kontroll i klasserommet.)

Førstelektor Grete Sørensen Vaaland på Læringsmiljøsenteret ved UiS stadfesta i eit intervju med NRK 2017 at dette framleis er gjeldande konklusjon blant dei som jobbar med mobbeforskning:

*«Vi har ingen forskning som sier noe om at det er større sjanse for at man skal lære dårligere når skolen blir veldig stor. Og det er heller ingen forskning som sier at det er større sjanse for mobbing på en stor skole, sammenlignet med en liten.» (nrk.no)*

### **Skyss**

Vindafjord kommune har i dag mange elevar som nyttar skuleskyss for å kome seg til skulen, heilt frå første klasse. Som «skuleeigar» har kommunen ansvar for det psykososiale miljøet til elevane på skulevegen, inkludert på skuleskyssen, medan det er transportør som har ansvaret for at transporten skjer på ein trygg måte. At eventuelt fleire elevar vil få behov for skuleskyss endrar ikkje dette.

Kommune har i dag eit [kommunalt reglement for skuleskyss](#) vedteke av kommunestyret. Dette

reglementet skulle vore revidert, men reglementet fungerer godt og det er bestemt at ein ventar med revidering til arbeidet med barnehage- og skulebruksplanen er ferdig behandla. Det vil då kunne bli endringar.

Ved endring av skulestruktur vil enkelte elevar få lengre reisetid enn i dag, men ikkje lengre reisetid enn elevar i nabokommunane våre, og kva som er innafor norma for reisetid for elevar. I enkelte høve kan det bli naudsynt med direkteskyss. Dette er nærmere omtala i planutkastet.

### Næringsliv

Vindafjord kommune har eit sterkt og godt næringsliv, med mykje pendling inn til kommunen og mellom bygdene. Samtidig som næringslivet har hatt ein god vekst dei siste åra, har folketalet gått nedover, sjølv om det er gledeleg at kommunen hadde vekst i 2021. Det kan indikere at det ikkje er slik at jo meir næringsliv som vert etablert rundt i bygdene jo meir tilflytting får ein. Sjølv om det er mange store og mindre store bedrifter i vår kommune, ser ein likevel at det er mykje pendling inn til kommunen frå nærliggjande kommunar. Det er også mange som pendlar mellom bygdene på jobb, noko som framleis er mogleg om barnehagen eller skulen vert lagt ned.

### Elevmedverknad

Elevar i norsk skule skal delta i avgjersler som gjelder deira eiga læring. Elevane skal også delta aktivt i vurdering av eige arbeid, eigen kompetanse og i si eiga faglege og sosiale utvikling. Opplæringslova og læreplan gir rammer og føringar for elevmedverknad som gjeld for all opplæring i alle fag. I august 2012 ble det fastsett ei bestemming i forskrift til opplæringslova om tid til arbeid med elevråd og elevmedverknad (§ 1-4a). I Vindafjord kommune har alle skulane elevråd, det er faste rutinar på barne – og elevsamtalar. Vindafjord har også barnas kommunestyre og nyleg etablert ungdomsråd i tråd med lova. Barnekonvensjonen ligg til grunn som ein paraply i alt arbeid med barn og unge i Vindafjord. I samband med arbeidet med barnehage- og skulebruksplan har kommunedirektøren gjennomført møte med elevråda på alle skulane i kommunen, og i tillegg har Ungdomsrådet hatt eit arbeidsmøte med fokus på planutkastet.

### BTI

Vindafjord kommune har vedteke ein plan for tverrfagleg samarbeid og ønskjer å vera ein heilskapleg og god kommune å veksa opp i. Dette betyr at me ønskje å ha god kvalitet i alle ordinære tenester, frå barnehage og skule, til helsestasjon, barnevern og PPT. Barn, elevar og deira familiarar skal kunne forvente same kvalitet i tenestene uavhengig av barnehage og skule. Det er ikkje modellar og verktøy i seg sjølv som viktigast, men korleis me nyttar det og relasjonen me skapar i "laget rundt barnet og ungdommen". Barn eller elev sjølv er viktigast, og er saman med føresette er aktivt med på å finna løysingar både i heim, barnehage og skule. Dette betyr at både PPT, helse og andre har trong for å vera tett på barnehagar og skular. Hjelpetenestene melder om betre kvalitet i tenestene ved ein struktur der dei i større grad har moglegheit til systematisk arbeid i færre einingar. Ikkje berre er det tidssparande slik ved at det blir mindre køyring og meir tid i barnehage og skule, men det blir også betre fagmiljø og mogelegheit for gode i team ute direkte arbeid med barn og unge.

I BTI arbeidet er også politiet ein ressurs mellom anna ved deltaking i Tverrfagleg oppvekstteam ved ungdomsskulane. Politiet meiner i sitt høyringssvar (sjå vedlegg) at det er ein suksessfaktor i kriminalitetsførebyggjande arbeid å ha eit godt tverrfagleg samarbeid og god relasjon mellom politiet, skulane og dei ulike einingane i kommunen.

### Ressurs

Kvar enkelt eining får tildelt ressursar til pedagog og hjelpepersonell etter elevtal og ein liten del etter skjønn. Både barnehage- og skulesektoren er i stor grad styrt av særavtalar og normer. Talet på elevar på ulike einingar og ulike klassetrinn gjere at ressursbehovet vil endra seg frå år til år. Det same gjeld barnehage, der bemanningsnorm og pedagognorm legg føringar. Ved lågt barnetal er det utfordrande å klara å ha akseptabel bemanning gjennom heile opningstida.

Ressursmodellen, som er tilpassa kommunar med fleire skular i ulike storleikar, tilseier at

Vindafjord kommune burde hatt fleire ressursar i grunnskulen enn vi faktisk har. Modellen tek høgde for elevtal, små grupper, små elevgrupper, store klassar, lærarnorm, spesialundervisning, funksjonar knytt til sosiallærarar, rådgjevar mm. Rammene for å drifta skule er stadig i endring, t.d. har det kome nytt punkt i særavtalen for lærarar (SFS2213) i 2022 som fører til at ein skal bruka meir ressurs til kontaktlærarar som har elevgruppe med 21 eller fleire elevar. Dette utan at kommunen får noko ekstra overføringer. For Vindafjord kommune blir det frå hausten om lag 70 prosent auka pedagogbehov for å dekke opp for kontaktlærarfunksjonen samanlikna med skuleåret 21/22. Skulle kommunen brukt denne modellen komande skuleår ville det utløyst eit behov for fem stillingar til. Etter tilrådinga til kommunedirektøren vil ressursmodellen føra til reduksjon av ei pedagogstilling.

### Fakta om elevtal og einingane

Vindafjord kommune har ni kommunale grunnskular og sju kommunale barnehagar, der tre av desse er oppvekstsenter med felles leiing for barnehage og skule. Meir informasjon om einingane kan finnast i planutkastet som ligg ved saka her.

Ved skulestart august 2023 vil det vera 1 125 elevar i Vindafjordskulen. Og ved nedlegging av skulane i Imsland og Bjoa vil elevtalet (jamfør planutkastet) på Vikedal og Vågen sjå slik ut ved oppstart hausten 2023:

Vikedal skule med elevane frå Imsland:

1	2	3	4	5	6	7	Sum M	8	9	10	Sum U	Samla
12	9	14	11	12	19	14	91	23	24	28	75	166

Vågen skule med elevane frå Bjoa:

1	2	3	4	5	6	7	Sum M
19	18	17	16	17	14	17	118

### Vurdering

Saker av strukturell art, det være seg barnehage, skule, omsorg eller andre kommunale tenester, skaper eit sterkt engasjement blant innbyggjarane. Det har vi og sett i denne saka, med mange tilhøyrarar på dei ni folkemøta som vart arrangert og med over 400 skriftlege høyringsinnspeil. For kommunedirektøren er ikkje engasjement og tal på høyringsinnspeil i seg sjølv vere avgjerande, men innhaldet i dei ulike høyringsinnspeila vil sjølv sagt ha innverknad på den endelege vurderinga og konklusjonen.

Planframlegget som vart lagt fram 28. januar 2022 fokuserte på korleis Vindafjord kommune skal tilby det beste barnehage- og skuletilbodet til innbyggjarane i eit framtidsperspektiv. Når kommunedirektøren no legg fram eit saksframlegg, inneber det ei samla heilskapleg vurdering av mellom anna skule- og barnehagefaglege argument, økonomi, demografi, samfunns- og bygdeutvikling. I ei slik vurdering vil det vere moment som talar for ulike løysingar, og desse momenta vil kunne vektast ulikt.

### Skule- og barnehagefaglege argument

Utgangspunktet for vurderinga av kva som gjev den beste utviklinga for barnehagar og skular i Vindafjord kommune i framtida er planframlegget som vart lagt fram i januar, og som konkluderte med at færre og større einingar er det som gjev den beste faglege utviklinga for barn, elevar og tilsette i oppvekstsektoren. Hovudårsakene til denne konklusjonen var at færre og større einingar gjev grunnlag for større fagmiljø blant tilsette og elevar, som igjen gjev endå betre rammevilkår for fagleg utvikling. Større einingar gjer det og enklare å imøtekome nye og oppdaterte kompetansekrav blant dei tilsette. Kommunedirektøren vurderte det og som eit moment at færre

og større einingar gjev større variasjon i det sosiale miljøet, særskilt for elevane.

I tillegg til drift av barnehagar og skular har Vindafjord kommune fleire einingar som har grensesnitt mot dette området, mellom anna PPT, skulehelsetenesta og barnevern. For at Vindafjord kommune, som satsar på BTI (Betre Tverrfagleg Innsats), er det viktig at samspelet mellom desse einingane fungerer godt. Særskilt PPT og skulehelsetenesta opplyser at det er utfordrande å oppretthalde eit godt tenestenivå innanfor ramma og strukturen som er i dag. Dette har mellom anna ført til at det på enkelte av skulane ikkje er fast tilbod om helsejukepleiar, slik at avtalar her må løysast på andre måtar. PPT, som dekker både Vindafjord og Etne kommunar, viser og til skilnadar når det gjeld drifta av tenesta i dei to kommunane, der Etne har ein heilt annan struktur på barnehagar og skular enn i Vindafjord.

Fleire av skulane i Vindafjord kommune driftar i dag som «fådelte» einingar, der undervisning på fleire klassetrinn vert slått saman. Dette gjeld i dag Imsland (1.-4. og 5.-7. klasse), Bjoa (1.-4. og 5.-7. klasse) og Vikebygd (1.-2., 3.-4. og 5.-7. klasse), og dels Vikedal på nokre klassetrinn, men med dei kjente prognosane for folketalsutvikling er det sannsynleg at og andre skular må organiserast som «fådelte» framover, mellom anna i endå større grad på barnetrinnet i Vikedal. Vindafjord kommune har gode lærarar som organiserer drifta av «fådelt» undervisning på ein god måte i dag, men samstundes er det stor skilnad på både modningsnivå hjå elevane og på læremåla for elevar i eksempelvis første- og fjerdeklasse og femte- og sjuaneklasse. Kommunedirektøren meiner difor at ein i ei framtidig organisering i størst mogleg grad bør unngå «fådelte» einingar.

Kommunedirektøren ser ikkje at det gjennom høyingsprosessen har kome innspel som endrar konklusjonen. Samstundes er det klart at det i liten grad finnes god forsking på dette området, og at den forskinga som ligg føre ikkje er eintydig.

Vindafjord kommune har i dag ein desentralisert kulturskule, noko som inneber at det er undervisningstilbod til elevane i dei fleste bygdene. Dette stettar målet om å gje flest mogleg av elevane i kommunen eit kulturskuletilbod. Det er i dag ikkje undervisning på Imsland skule eller på Vats skule. På Imsland skule er det for få elevar som ønskjer tilbodet og på Vats er det ikkje eigne undervisningsrom. I ny modell må det sikrast gode undervisningsrom i Vats, Vikedal og Vågen og på den måten vil det bli enklare å tilby eit breiare tilbod i heile kommunen ved undervisning på noko færre stadar. Kurskulen gir gode mogleheter for å utvikla eit godt skule- og lokalmiljø, og kan bidra til å styrka det praktiske og estetiske innhaldet i skulen. Framtidas kulturskule bør sjåast meir i samanheng med skulen og bør fortsetje å ha tilbod rett etter skulen i SFO-tid og/eller i ordinær skulekvardag. SFO-ordninga i ny modell har betydning for kulturskuletilbodet særleg kopla opp mot skyss.

Skulebygg og klassestorleikar set og rammer for ein framtidig struktur av barnehagar og skular i Vindafjord kommune. Mellom anna kan elevane frå skulen i Imsland overførast til skulen i Vikedal og elevane frå skulen på Bjoa overførast til skulen i Vågen innanfor dei rammene tilsette og bygg set i dag. I motsett fall kan ikkje elevane frå Vikebygd overførast til Skjold skule utan at det blir naudsynt å gjere både byggmessige og driftsmessige (parallelklassar på Barneskulen) endringar.

Samstundes er det og slik at mange av skulebygga har manglar både når det gjeld arbeidsmiljø/miljøretta helsevern og når det gjeld pedagogisk drift som skule og barnehage. Kommunedirektøren er difor oppteken av at det framover, uansett kva val som vert gjort når det gjeld framtidig struktur, vert gjort naudsynt opprusting og ombygging av dei bygga det skal vere drift i for framtida. På dei aller fleste av einingane vil dette kunne ivaretakast med oppussing/oppgradering, men når det gjeld bygningsmassen i Vats er kommunedirektøren av den heilt klare oppfatning at Vats Barnehage framover ikkje bør driftast i dagens bygg, og at det for skulen sin del må gjerast ei avvegning av om ein skal totalrehabilitere bygningsmassen eller bygge ny skule. Ved ei samlokalisering av desse einingane, vil ein kunne drifta barnehagen og skulen i Vats som eit oppvekstsenter med felles einingsleiar.

Vats er i dag den einaste bygda som har to barnehagar, ein privat og ein kommunal.

Kommunedirektøren kan ikkje sjå at det er grunnlag for drift av to barnehagar i Vats, både når det gjeld fagmiljø og økonomi. I framtida bør berre vere ein barnehage i Vats, og kommunedirektøren meiner det må avklarast med eigar av den private barnehagen om barnehagen i Vats i framtida skal driftast i privat eller kommunal regi. Ved kommunal drift av barnehagen i Vats, vil denne kunne lokaliserast saman med skulen og driftast som eit oppvekstsenter med ei felles leiing.

Bygget som husar Imsland skule og barnehage har manglar mellom anna når det gjeld miljøretta helsevern og universell utforming. For det tilfelle at Kommunestyret vel å ha framleis drift av skule og barnehage i dette bygget, må det gjennomførast ei rehabilitering og oppussing av bygget slik at det tilfredsstiller naudsynte krav.

Bjoa barnehage held til i eit forholdsvis nytt bygg som stettar naudsynte krav, medan skulen vert drifta i ei eldre bygning som mellom anna har manglar for å kunne drifte ein pedagogisk framtidsretta skule og for å vareta krav til miljøretta helsevern og arbeidsmiljø. I sin rapport til Norsconsult å sanere bygget, og bygge nytt bygg om det blir vedteke å framleis ha skuledrift på Bjoa. Kommunedirektøren si vurdering er at det må gjerast ei grundig vurdering av dette bygget, men at det sannsynlegvis er mogeleg å løyse dei ovanfor nemnte utfordringane med ei oppussing/oppgradering av bygget, og at dette må gjerast ved vedtak om framtidig skuledrift i bygningen.

Vindafjord kommune har per i dag tre oppvekstsenter, der barnehage og skule er organisert under same leiari. Dette gjeld einingane i Imsland, Bjoa og Vikebygd. Kommunedirektøren ser at det kan vere hensiktsmessig med tilsvarande organisering av barnehagane og skulane i Vågen, Sandeid og eventuelt i Vats. Både i Sandeid og Vågen er einingane plassert fysisk nær kvarandre, noko som kan gjere det mogeleg å nytte ressursar og personale på tvers av skule og barnehage. Eit oppvekstsenter i Vågen, Sandeid og Vats vil ha eit større tal på både elevar/born og tilsette enn det vi har på dagens oppvekstsenter i Imsland, Bjoa og Vikebygd. Vågen og Sandeid får i tillegg, i kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak, ansvar for barnehageavdelingar i høvesvis Bjoa og Imsland. Kommunedirektøren vil difor organisere desse oppvekstsentera med ein avdelingsleiari i tillegg til einingsleiari, slik at ei organisering som oppvekstsenter i liten grad vil gje ei direkte økonomisk innsparing. Kommunedirektøren ser likevel at løysinga samla sett vil gje nokre færre einingsleiaraar samanlikna med i dag.

Gjennom folkemøte og høyringsinnspele var det fleire som tok opp problemstillinga om manglande SFO-tilbod, med tilhøyrande behov for transport av foreldre til/frå SFO (eksempelvis frå Bjoa til Vågen). Kommunedirektøren foreslår her som ei løysing, for å gjøre «kvardagslogistikken» for foreldre enklare, at barnehagane på Bjoa og i Imsland fungerer som SFO før/etter skuleskyssen om skulane i desse bygdene vert lagt ned. Det vil seie at foreldre som ønskjer å nytte SFO kan levere borna i barnehagen, og så har borna opphold der fram til skuleskyssen plukkar dei opp. Tilsvarande kan dei på ettermiddagen nytte skuleskyssen tilbake til barnehagen, og så ha opphold der fram til henting. Kommunedirektøren er kjent med at det finnes tilsvarande løysingar i andre kommunar, mellom anna i Hjelmeland, og vil opprette dialog her i samband med den faktiske planlegginga av eit slikt tilbod fram mot skulestart 2023 viss det blir aktuelt.

## Økonomi og demografi

I Vindafjord kommune har det dei siste 10 åra vore endringar i befolkningssamansetjinga, og dette er ei endring som er venta å tilta i åra framover med færre barn (0-18 år), færre i "arbeidsfør" alder (18-67 år) og fleire eldre (over 67 år). Det har og dels vore ei endring av kvar innbyggjarane er busett, der ei rekje av bygdene i kommunen har hatt endringar av både tal på innbyggjarar og samansetjinga av desse.

Det kommunale inntektssystemet i Noreg er bygd opp slik at kommunane i stor grad vert finansiert

av skatteinntekter og rammeoverføringer. Kommunen sin del av skatten, skattøret, blir bestemt av Stortinget kvart år i Statsbudsjett. Skattøret for 2022 er 10,95 %. I tillegg skjer det ei utjamning frå kommunar som har høgre skatteinntekter enn landsgjennomsnittet til kommunar som har lågare skatteinntekter enn landsgjennomsnittet. I 2021 låg Vindafjord på 107 % av landet og gjennomsnittleg skatteinngang per innbyggjar (kommunen sin del) var kr 38 930. Etter utjamninga satt kommunen igjen med kr 36 947 per innbyggjar.

Rammeoverføringerne til kommunane byggjer på eit inntektssystem med ei rekke faktorar, mellom anna demografi, der innbyggjarar under 18 år og over 67 år tel meir enn personar mellom 18 og 67 år. Regjeringa innførte frå og med statsbudsjettet 2022 ei omfordeling av rammeoverføringa basert på talet på grunnskular i kommunen. Omfordelinga vart gjort ved at alle kommunar fekk ein viss reduksjon i rammetilskotet, og så vart dette fordelt tilbake til kommunane basert på talet på grunnskular (ein halv million per grunnskule i 2022). For Vindafjord sin del utgjorde denne omfordelinga ein netto auke av ramma på ca, 2,5 millionar kroner samanlikna med budsjettforslaget frå tidlegare regjering, og med 2 færre skular ville kommunen hatt ein netto auke på 1,5 millionar kroner.

Ser ein på communal drift frå eit overordna perspektiv, er det innbyggjarane under 18 år og over 67 år som i størst grad nyttar kommunale tenester. For innbyggjarane under 18 år utgjer desse tenestene i stor grad barnehage og skule, medan det for innbyggjarane over 67 år er ulike former for omsorgstenester som er rådande.

Som ein følgje av at kommunen dei siste åra har fått færre innbyggjarar under 18 år og fleire innbyggjarar over 67 år har det og vore naudsynt å prioritere dei økonomiske rammene i samsvar med dette. Rammene til oppvekstsektoren har difor vorte noko redusert dei siste åra, medan rammene til helse- og omsorgssektoren har blitt auka. Viss utviklinga i demografien blir i tråd med SSB sine prognosar vil det vere naudsynt å halda fram med ei slik omprioritering og dei nærmaste åra. Den omprioriteringa som har skjedd dei siste åra har vore mogeleg å gjennomføre utan strukturelle endringar i oppvekstsektoren, gjennom innsparing i drift (redusert bruk av vikar, redusert innkjøp av lærermiddel og utstyr mv). Kommunedirektøren ser det som lite sannsynleg å få til å gjennomføre den naudsynte økonomiske reduksjonen for oppvekstsektoren med dagens struktur. Oppvekstsektoren er omfatta av bemanningsnorm i barnehagane og pedagognorm i skulen, noko som set klare rammer for organiseringa av dei ulike einingane.

Kommunedirektøren ser at det er ein viss økonomisk effekt av tilrådinga i saksframlegget, men samstundes er det ein del faktorar som heng saman med dei val som og skal gjerast framover, mellom anna når det gjeld skulebygga på Bjoa og Imsland. Ved sal eller riving av bygga vil det vere færre kvadratmeter bygg å drifte, noko som inneber reduserte FDV-kostnadene (forvaltning, drift og vedlikehald). Bygga både i Imsland og på Bjoa er eldre bygg som er forholdsvis dyre å drifte når det gjeld energiøkonomi, og som og har innmeldt fleire avvik og manglar som gjer at det er eit forholdsvis stort vedlikehaldsbehov på bygga. Tilsvarande gjeld for både skulebygget og barnehagebygget i Vats, der det er naudsynt med ei fullstendig renovering/oppgradering eller alternativt bygging av eit nytt bygg.

Gjennom tilrådinga vil det innanfor oppvekstsektoren bli fem færre einingsleiarar samanlikna med i dag, men samstundes vil det på oppvekstsentrana i Sandeid, Vågen og eventuelt Vats bli naudsynt med avdelingsleiarar. Samla sett inneber såleis tilrådinga to (eventuelt tre) færre stillingar på leiarnivå i sektoren.

Ettersom både barnehage- og skulesektoren er sektorar som i stor grad er styrt av normer og særavtalar, vil talet på elevar på dei ulike einingane og på dei ulike klassetrinna gjere at ressursbehovet vil endre seg frå år til år. Generelt sett kan ein likevel seie at ein ved å følgje KS og utdanningsforbundet si tilråding til klasse-/gruppestørleikar vil kunne spare minst eitt årsverk, medan ein ved å legge ressursfordelinga heilt ned til normtala nok vil kunne spare nokre fleire

årsverk.

I kommunedirektøren si tilråding er det både lagt opp til at det må gjerast større investeringar, særskilt når det gjeld barnehage- og skulebygg i Vats, men og på dei andre bygningane i sektoren. I økonomiplan for 2022 til 2025 er det lagt inn til saman 60 millionar kroner til slike investeringar. Truleg vil det bli naudsynt å auke denne summen noko, slik at og dei årlege finanskostnadane frå 2025/26 og utover vil kunne bli noko høgre enn det som ligg i økonomiplanen. Dette vil bli nærmere klarlagt gjennom den planen for oppgradering av bygg kommunedirektøren vil legge fram for kommunestyret seinare.

Sjølv om økonomi i seg sjølv ikkje er avgjerande i kommunedirektøren si vurdering av barnehage- og skulestrukturen i kommunen, er det likevel eit viktig moment i den samla vurderinga. Gjennom kommunestyret sitt vedtak frå desember 2021 om budsjett og økonomiplan for 2022-2025 ligg det inne ein føresetnad om ein reduksjon av rammene til oppvekstsektoren på i overkant av 6,5 millionar kroner for 2025 samanlikna med 2022, og som vist over ser kommunedirektøren det som lite truleg å gjennomføre ein slik reduksjon innanfor dagens struktur.

### **Samfunnsutvikling/bygdeutvikling**

Svært mange av høyringsinnspela på planframlegget handlar om barnehagen og skulen sin plass i lokalsamfunnet og korleis dei er viktige for å oppretthalde "levande bygder". Det er ikkje gjort mykje forsking på dette området, men rapporten *Forskning og evaluering om skolesentralisering/-strukturendring* har vurdert og samla studiar som er gjort på dette området. Rapporten er vedlagt og er brukt som kjelde i dette kapitelet. Det er ikkje kjeldehenvisning til dei ulike forskingsrapportane.

Det er liten tvil om at skulen betyr noko for lokalsamfunnet, der skulen kan fungere som eit servicesenter for innbyggjarane, eit sosialt fellesskap og ein kulturberar. Så sjølv om små skuler kan vere dyrare å drive enn større skuler og at det, som vist i planframlegget kan vere utfordrande å løyse det faglege innhaldet om skulen blir for liten, bør skulen sin utvida verdi for lokalsamfunnet takast med i den totale rekneskapen.

Nyare flyttemotivstudiar i Noreg og Norden viser at flytting domineras av sosiale og miljørelaterte motiv. Grunnskule og vidaregåande skule er derimot ikkje blant dei viktigaste motiva for å flytte til eller bli buande ein stad. I forskningslitteraturen (om grunnskolen) ser det ut til å vere slik at å leggje ned ein skule er ein konsekvens av at samfunnet uttynnast, og ikkje omvendt. Dette har vidare også komem fram både i ein dansk studie og amerikanske og engelske studiar.

Telemarksforskning har på oppdrag frå Stange kommune gjennomgått ei utgreiing av skulestrukturen i kommunen. Også denne studien refererer til manglande støtte i forskningslitteraturen for at bygda dør dersom skulen leggast ned.

Det er likevel vanskeleg å seie kvar som påverkar lokalsamfunnet og tilflytting på lang sikt. «Dersom befolkninga tynnast ytterlegare ut etter skulenedlegging, er det vanskeleg å påvise at det skyldast nedlegging eller om det er et resultat av en utvikling som ville skjedd uansett» (Lie mfl. 2014 s. 88-89).

Særleg der ny skule ligg langt unna stagnerer befolkningsutviklinga etter nedlegging, men utviklinga skuldast sjeldan at skulen blir lagt ned, men heller forhold knytt til arbeidsmarknaden, næringsutvikling, befolkningssamsetning med meir. Ein påbegynt nedgang i befolkninga blir likevel forsterka av at skulen blir lagt ned.

I saker der skulen står i fare for å bli lagt ned er innbyggjarane stort sett alltid bekymra for kva som vil skje med busettinga dersom skulen blir lagt ned, sjølv om dette ikkje er støtta av forsking. Det er likevel vanskeleg å seie om skulenedlegging vil ha negative konsekvensar på sikt. Prosessen

rundt nedlegging og kva som er tenkt rundt etterbruk av skular og kva prosess det er lagt opp til for vidare bygdeutvikling er avgjerande for kor negativt skulenedlegging blir mottatt.

Stange kommune opplyste i samband med Telemarksforskning sitt arbeid at potensielle tilflyttarar ofte ringer kommunen for å høyre om skule og barnehage, noko som kan tilseie om at skule og barnehage faktisk har betydning for val av bustad

Ein norsk studie frå 1992 fann ikkje støtte for at foreldre med barn i grunnskulen ville flytte frå bygda som følge av at skulen blei lagt ned.

Forsking frå Nordlandsforskning og Høgskolen i Volda finn at små skular er viktige sosiale arenaer i mindre bygdesamfunn og kan skape læringsaktiviteter som er godt forankra i lokalbefolkninga og lokal kultur og miljø. Dette er viktige forhold dersom distriktpolitiske målsetningar om levande bygder og levedyktige lokalsamfunn i distrikta skal oppretthaldast.

Å leggje ned skulen synast ikkje å forårsake tilbakegang i lokalsamfunn, men det er viktig å finne ein erstatning for skulen som ein viktig sosial arena dersom den blir lagt ned.

Så lenge skulen er der, er det ein ressurs for lokalsamfunnet/bygda; eit minnesmerke, relatert til historie, den styrkar plassfølelsen, skulen er påverka av lokal kultur og aktivitetar i bygda. Skulen er meir enn ein plass for undervisning, ein informasjonskanal for kordan familiene har det og kva som skjer i bygda, lokale for aktivitetar utanom skuletid, ein plass for sosiale nettverk og sosialisering i nærområdet. Indirekte effektar av nedlegging er mindre bindingar til stade. Små skuler er viktige sosiale arenaer i mindre bygdesamfunn.

Samla sett kan ikkje Kommunedirektøren sjå at det finnes klar støtte i forsking og litteratur for at bygder ikkje lenger kan «vere levande» om skulen vert lagt ned. Kommunedirektøren kan likevel seie seg samd i at barnehage og skule har ein viktig funksjon som eit naturleg treffpunkt og samlingspunkt i ei bygd, og dersom ein skule skal leggast ned er det derfor viktig å ha ein god prosess knytt til etterbruk av skulen eller finne ein erstatning som sikrar ny møteplass og bygdesentrum etter at skulen er borte.

Kommunedirektøren foreslår derfor å sette i gang ein prosess i både Imsland og på Bjoa for å sjå på mogleg etterbruk av enten skule eller område for å sikre at bygda har ein møteplass og eit bygdesenter som kan ta hand om stadstilknyttinga, kultur og sosial arena. Prosessen skal skje i samarbeid med grendeutvala.

Kommunedirektøren har sett at det mange plassar blir gjort tilsvarande prosessar ved skulenedlegging.

Ei rekke bygdelag får overta gamle skulebygg for ein symbolsk sum, nokre med spesifikke vilkår og avtaler med kommunen utover det. På Senja har dei fått kompetansetilskot frå Husbanken til å gjere eit forarbeid (moglegheitsstudie el likn) med tanke på etterbruk som bygger på fleirbruk, inkludert bustader, kopla til kommunale tenester, frivilligheit. Prosjektet er der under oppstart og liknande prosessar kan og vere aktuelt på Bjoa og i Imsland

Det er litt ulike utfordringar på Bjoa og i Imsland og nokre av dei er lista opp under.

#### Område rundt Bjoa skule

Viser i hovudsak til kap. 7 i vedlegg - informasjon frå eining kommunaltekniske tenester og eining areal og forvaltning i samband med Barnehage- og skulebruksplan som ligg ved planframlegget. Kapitelet tek for seg skuleanlegget på Bjoa.



Kommunen eig grusbanen (259/28), arealet skule/bhg ligg på (259/21 og 32), vegareal (259/25) og areal med snarveg frå veg til grusbane (259/27). Grasbanen (259/15) er eigd av Bjoa idrettslag.

Det er store manglar ved skulen som kjem fram både i eigen rapport og i Norconsult sin rapport. Skulen heng saman med gymsal og bygdahus med eit takoverbygg. I ein prosess knytt til etterbruk må det takast omsyn til at delar av bygget vert nytta til bygdahus og lokale for frivillige organisasjonar. Det må også tas omsyn til idrettsanlegg som ligg tett på, og som ikkje er i kommunalt eige.


Barnehagen er i eige bygg og kan driftast vidare som i dag sjølv om skulen leggast ned.

#### Vidare prosess:

- Finne løysingar som tek hand om funksjonen som bygdahus
- Finne løysingar som gjer at bygda kan nytte seg av ute- og leikeområde til dagens skule
- Avgjere om skulen skal rivast eller om det er aktuelt å selje for ombygging til andre føremål
- Avklare behov for omregulering
- Avklare korleis kommunen skal levere frå seg/selje bygg/område
- Bjoa manglar butikk og leilegheiter for blant andre eldre. Kan dette opnast for på området?


#### Område rundt Imsland skule

Viser i hovudsak til kap. 9 i vedlegg - informasjon frå eining kommunaltekniske tenester og eining areal og forvaltning i samband med Barnehage- og skulebruksplan som ligg ved planframlegget. Kapitelet tek for seg skuleanlegget i Imsland.



Kommunen eig 73/13, 25 og 39. Det er også ein kommunal eideområdet på andre sida av vegen, som er regulert til bustadar.

Det er ein god del manglar ved skulebygget i Imsland og barnehagen og skulen ligg i same bygg. Det må derfor avklarast korleis barnehagen skal driftast vidare. Det er forslag om å nytte bygdahuset i Imsland til barnehage vidare. Ei utfordring vil vere dagens uteområde som vil ligge langt unna, viser på kartet under. Skule- og barnehageområdet har ein viktig funksjon som leike- og aktivitetsområde for dei som bur i Ølmedalsfeltet.



#### Vidare prosess:

- Finne løysingar som tek vare på bygdahus og barnehage
- Finne løysingar som gjer at bygda kan nytte seg av ute- og leikeområde til dagens skule.
- Avgjere om skulen skal rivast eller om det er aktuelt å selje for ombygging til andre føremål
- Avklare behov for omregulering
- Avklare korleis kommunen skal levere frå seg/selje bygg/område
- Imsland manglar leiligheter for blant andre eldre. Kan dette opnast for på området?

## **synspunkt**

Barnehage- og skulebruksplan har vore på agendaen i fleire kontaktmøte (kommunedirektøren sitt møte med tillitsvalde og vernetenesta på sentralt nivå). Tillitsvalde knytt til oppvekst Utdanningsforbundet og Fagforbundet vart orientert og fekk gjennomgang av planen saman med rektor- og styrargruppa den 13.01. 2022. Etter dette hadde dei lesetilgang fram til saka vart lagt fram. Det vart halde drøftingsmøte med tillitsvalde 24. januar 2022. Same dag var saka tema i Arbeidsmiljøutvalet (AMU). Både drøftingsmøte og AMU-møte nummer to vart halde sein i april, før kommunedirektøren la fram si innstilling. I tillegg har tilsette vore med i prosessen, som beskrive i planen. Tillitsvalde og arbeidsgjevar har starta eit felles arbeid med tanke på eventuell handtering av overtal, i form av ein felles gjennomgang av eksisterande rutinar og reglement. Her er det halde eitt møte, og det neste står på planen i mai månad.

Eit eventuelt overtal vil handsamast etter lov- og avtaleverk, samt våre lokale retningslinjer og rutinar. I Vindafjord kommune har det omrent kvar vår vore handtert overtal/omplasseringar i oppvekstsektoren, ettersom nokre einingar sit med overtal og andre med behov for arbeidskraft. I stor grad har ein tidlegare klart å handtera dette på ein måte som har gitt alle overtalige tilbod om jobb anna stad i organisasjonen. Eventuelle nedleggingar vil på same måte medføra eit behov for omplasseringar, og eventuell nedbemannning viss ikkje omplasseringar kan løysa overtalssituasjonen. Arbeidsmiljøloven, Hovudavtalen, Hovudtariffavtalen og lokalt reglement har alle føringar for slike prosessar. Det vert drøfta med tillitsvalde i inngangsfasen, bestemt såkalla utvalskrets og kriteria for kven som er overtalige, og jf. lov- og avtaleverk sendt ut førehandsvarsel, halde individuelle drøftingsmøte og eventuelt sendt ut oppseiing samt initiert fortrinnsrett etter arbeidsmiljølova.

Personalfagleg er det arbeidsgjevar si vurdering at det er viktig å ta vare på tilsette i slike prosessar som dette. Det vil vera fasar av usikkerheit, og nokre kan råkast av omplasseringar og eventuelt overtal. Det kan opplevast som ei stor omvelting i den einskilde sitt liv. Likevel er det også i personalfagleg interesse å ha større einingar, med det dette medfører. Det kan vera sårbart med små personalgrupper. Både med tanke på logistikk og praktisk arbeid samt arbeidstid, vaktordning og pausar, men også med tanke på psykososialt arbeidsmiljø, sårbarheit ved sjukdom, konsekvensar ved konfliktsituasjonar, høve til fellesskulering, at nokon er på kurs/utdanning etc. Som i for eksempel eit skolemiljø bør det vera nokon å ha eit fellesskap med, både sosialt og fagleg. Og det bør vera stort og robust nok til at det ikkje er fare for å hamna i utanforskap om ein ikkje går overeins med alle sine kollegar. Om det er få tilsette på ein arbeidsstad, og desse få tilsette ikkje klarer å gå godt overeins med kvarandre, kan det vera svært sårbart. Det kan også vera fare for at ein mister kvalitetssikringa som finst i kvarandre. Dette betyr sjølv sagt ikkje at alle små personalgrupper har desse utfordringane, langt derifrå. Mange små personalgrupper har både eit godt arbeidsmiljø og høg kvalitet på tenestene sine. Sårbarheita for utfordringane kan likevel vera større enn i ei større personalgruppe.

I ei lita personalgruppe vil det heller ikkje vera økonomisk forsvarleg, eller rettferdig overfor andre einingar, å ha stor leiarressurs. Det betyr at leiarskapet her også vil skilja seg frå resten av organisasjonen. I dag er det store forskjellar på einingane si storleik i Vindafjord kommune. Mange av einingane innafor oppvekstsektoren er i storleik samanliknbare med det me kallar avdelingar i andre sektorar av våre organisasjon.

Organisatorisk, leiarrelatert og personfagleg kunne det vore ein fordel om einingane i tal tilsette var mindre varierande enn i dag. Også med tanke på målretta leiarutvikling i fellesskap. I større einingar vil det vera lettare å skapa rom for rein leiing i leiarrolla, og mindre merkantilt og direkte brukarretta arbeid (for eksempel at styrar/rektor må inn som vikar) for leiar. Det vil også vera effektivt med tanke på at ein då kan få færre leiarar og merkantilt (kontorfagleg) tilsette som alle skal ha ein del av same kunnskap, opplæring og oppfølging.

Heiltidsarbeidet vil også kunne henta gevinstar lettare i større einingar med rom for samarbeid og fleksibilitet. I dag har me deltidstilsette som kan ha stillingar i to og tre einingar for å til saman få den stillingsstorleiken dei ynskjer seg. Dette vil ikkje forsvinna med færre einingar innafor oppvekst, all den tid nokre for eksempel har stilling både der og i andre sektorar. Det vil likevel kunne gjera problemet mindre, i alle fall for dei som i dag har nokolunde likt arbeid i fleire einingar innafor sektoren. Færre oppmøtestader kan også gjera det meir aktuelt å ta i bruk faste vikarar og liknande, då dei kan ha fast oppmøtestad og dermed nyttast til å dekka opp for meir spontant fråvær. I dag er dei fleste av våre einingar for små til å kunne dra ynskt nytte av slike grep som vikarpool og liknande.

## Oppsummering/konklusjon

For kommunedirektøren er det avgjerande at den framtidige strukturen for oppvekstsektoren i Vindafjord kommune gjev ein fagleg sterk plattform for både born/elevar og tilsette, og legg til rette for ei god utvikling i lang tid framover. Løysinga må ta høgde for dei endringane av demografien vi ser ligg føre oss, og ta høgde for dei økonomiske prioriteringane/omprioriteringane desse endringane vil krevja. Løysinga må heller ikkje vere til hinder for vekst og utvikling i heile kommunen.

Sjølv om kommunedirektøren framleis er av den oppfatning av ei løysing med ein felles ungdomsskule og tre 1-7 skular, samt tre kommunale barnehagar gjev den fagleg sett beste løysinga, er det andre moment som gjer at denne løysinga ut frå ei heilskapleg vurdering likevel ikkje vert tilrådd. Prosessen med folkemøte og høyringsinnspel viser mellom at denne løysinga i liten grad har støtte blant innbyggjarane. Det er og ei løysing der den økonomiske gevinsten blir forholdsvis liten på grunn av finansieringskostnadane ved bygging av ein ny ungdomsskule.

Når kommunedirektøren likevel tilrår å leggje ned to av skulane (Bjoa og Imsland) i kommunen er det fordi desse er dei minste skulane, med ein todeling av «fådelinga», og der både kjente fødselstal og prognosar viser ein forventa vidare nedgang i elevtalet dei nærmaste åra.

Kommunedirektøren tilrår følgjande endringar i struktur og organisering frå og med oppstart av barnehage- og skuleåret 2023/24.

1. Bjoa skule vert lagt ned, og elevane ved Bjoa skule vert overført til Vågen skule. Bjoa barnehage fungerer som SFO for barna på Bjoa.
2. Imsland skule vert lagt ned, og elevane ved Imsland Skule vert overført til Vikedal skule. Imsland barnehage fungerer som SFO for barne frå Imsland.
3. Bjoa barnehage blir drifta i dagens bygg som ei avdeling under Vågen barnehage.
4. Imsland banehage blir drifta som ei avdeling under Sandeid Barnehage, og det må avklarast om det er meir formålstenleg å drifte barnehagen i bygdahuset heller enn i dagens bygg
5. Ved fortsatt kommunal drift av Vats Barnehage, vert denne flytta til området ved Vats skule, og organisert saman med Vats Skule til eit oppvekstsenter, slik at barnehagen og skulen får felles leiing
6. Sandeid skule og Sandeid barnehage vert organisatorisk slått saman til eit oppvekstsenter, slik at barnehagen og skulen frå felles leiing.
7. Vågen skule og Vågen barnehage vert organisatorisk slått saman til eit oppvekstsenter, slik at barnehagen og skulen frå felles leiing.
8. Dei andre einingane vert drifta som i dag
  - a. Vikedal skule (1-10 skule)
  - b. Skjold skule (1-10 skule)
  - c. Ølen skule (1-10 skule)
  - d. Vikebygd skule og barnehage (1-7 skule)

I tillegg til dette kjem dei private barnehagane i kommunen.

Det må vidare utarbeidast ein plan for oppussing/oppgradering av bygningsmassen som vert nytta

til skule- og barnehagedrift, slik at denne møter framtidige behov både når det gjeld arbeidsmiljø, miljøretta helsevern, pedagogisk utvikling og generelle miljøomsyn.

**Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.**

Lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)

Lov 17. juni 2005 nr. 64 om barnehager (barnehageloven)

**Vedlegg:**

Høyringsinnspeil til planframlegget til Barnehage- og skulebruksplanen

Barnehage- og skulebruksplan - planframlegg

SFTK-leveranse-22.09.15